



Marius Sagen Sande  
Storhaugen 18  
5355 KNARREVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 17/2927

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
31.01.2017

## Førehandsvarsel om pålegg om stenging av ulovlig avkjørsle og varsel om mulig pålegg om ilegging av bot - gbnr 108/117, Lindås

*jf Veglova §§ 40, 41, 42, 43, 59 og 61*

Eigedom : Gnr.108  
          : bnr.117  
Tiltakets adresse : Grønfjellet 79  
Tiltakets art : Avkjørsle  
Tiltakshaver : Marius Sagen Sande

### Saka gjeld:

Teknisk drift er gjort merksam på at avkjørsle nr. 2 på Dykkar eigedom framleis ikkje har godkjent løyve. Lindås kommune ved avdeling for byggesaker har den 27.06.2012 sendt søknad i retur utan sakshandsaming grunna manglar. Som eigar av gbnr 108/117 har De i brev, datert 13.03.2012, informert kommunen om at De har vore kjent med at det ikkje ligg føre avkjøringsløyve for den aktuelle avkjørsla.

Teknisk drift vil informere Dykk om at våre «uttaler» til byggesak ikkje er godkjenning/løyve til etablering av avkjørslar. Dette er berre ei uttale i samband med ei byggesøknad. I Dykkar tilfelle gjeld vår uttale i ei søknad om garasje. Da søknad om garasje vart sendt i retur utan sakshandsaming, har grunnlaget for vår «uttale» falt bort. Etter det vi kan sjå, har ikkje kommunen gitt løyve til avkjørsla etter plan og bygningslova eller etter fastsettingar i Veglova.

Lindås kommune vil med dette brev gje eit førehandsvarsel om at vi vil fatte vedtak om stenging av ulovlig avkjørsle dersom avkjørsla ikkje er stengt og grøft tilbakeført innan 4 veker frå dags dato. De har anledning til å komme med merknader til dette førehandsvarslet før vi fatter vedtak om stenging. Skriftleg tilbake-melding må være sendt Lindås kommune ved Teknisk drift, VVA, innan frista på 4 veker.

Dette brev er å anse som eit førehandsvarsel iht forvaltningslova § 16.



Det er med heimel i Veglova §§ 40, 41, 42, 43 og 57 at Lindås kommune kan krevje stenging av ulovlig avkjørsle og tilbakeføring av grøfteareal langs veg. Det er med heimel i Veglova § 61, første ledd, at vi gir førehandsvarsel om at vi kan fatte vedtak om illegging av bot dersom avkjørsle ikkje er stengt og stenginga er dokumentert innan frista på 4 veker.

Utdrag frå gjeldande regelverk:

**Veglova § 40**

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan etter plan og bygningslova.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeid med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort».

**Veglova § 41 (utdrag av paragraf)**

Regionvegkontoret kan påby avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.

Kommunen kan ta avgjed etter første ledd for kommunale vegar.

Naudsynte utgifter til flytting eller endring av **lovleg** avkjørsle kan det krevjast vederlag for.

.....

**Veglova § 42**

Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsett i eller med heimel i denne lova, kan det gis påbod om at avkjørsle skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlege sin kostnad.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

**Veglova § 43 (utdrag av paragraf)**

Avkjørsle skal byggast og haldast vedlike i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sett for løyve til avkjørsle. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisktliner mellom avkjørsle og den offentlege vegen. Om vegstyresmakta finn det naudsynt, kan slike frisktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyresmaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfelle at eigaren eller brukaren av avkjørsle syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsett av vegstyresmakta.

.....

**Veglova § 57 utdra av paragraf)**

Det er forbode å skade offentlig veg eller skade eller ta bort innretning som høyrer til offentlig veg.

På eigedomsområdet til offentlig veg er det forbolde utan løyve frå vegstyresmakta

- 1) å grave, sprengje, ta bort massar, hogge tre eller gjere anna inngrep.

.....

**Veglova § 61**

Den som med vilje eller aktaust bryt det som er fastsett i eller med heimel i §§27A, 30, 32, 33, 34, 35, 38, 40, 41, 43, 45, 48 eller 57, blir straffa med bot, dersom tilhøvet ikkje går inn under strengare straffeføresegner.

Dersom avkjørsle ikkje vert stengt og grøft tilbakeført kan Lindås kommune, med heimel i Veglova, få utført dette arbeidet på Dykkar rekning. Arbeid som vert utført av kommunen og som vert fakturert Dykk vil følgje dei same reglane som ved innkreving av skatter og avgifter.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Einingsleiar Teknisk drift  
Lindås kommune ved byggesak

**Mottakarar:**

Marius Sagen Sande

Storhaugen 18

5355

KNARREVIK